

Fra: oddbjsa2@online.no

Sendt: 23.07.2018 11:55:03

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: Randi Frette

Emne: Kultur- og idrettsavdelinga ref. 2015/ 2159-72

Vedlegg:

Til Kultur- og idrettsavdelinga

Hei!

Viser til brev datert 20.05.2016 frå dykk, med underretting om tildeling av tilskot på 25.000,- kr til vøling av gamlaløa på Frette.

Ref. 2015/2159-72 v/ Per Morten Ekerhovd, Stein Ottosen og David Aasen Sandved.

Tiltaket er no gjennomført, og eg sit og held på med å skriva sluttrapport til dei instansane som har løyvd tilskot til prosjektet (Kulturminnefondet, Smil, og Hordaland Fylkeskommune).

Eg oppdagar til min store skrekk att det ser ut som om tilbodet frå dykk er tidsavgrensa! Byggeprosessen har vorte lenger enn antatt på førehand, mellom anna førte sjukdom hjå ein av dei som skulle hjelpa oss å laga golv til at prosjektet blei endel forsinka. Og han som laga glasa for oss, er 85 år, og eg følte ikkje at eg kunne masa på han for å jobba fortare. Men no står bygget ferdig vølt, og det er me veldig stolte over.

Håpar at me ikkje har mista tildelinga, -det står i vedtaksbrevet at tilskotet gjeld tildelingsåret (20.05.2016-20.05.2017?) og det påfølgjande år (20.05.2017- 20.05.2018?). Eg håpar inderleg at det då var meint at fristen for å rapportera er 1 . oktober/ 15. november i 2018, og ikkje i 2017?

Venleg helsing

Randi Frette

Flåtevegen 9,

Frette, 5590 Etne

randi@frette-garden.no

Mob. 90 89 28 85.